



Norges vassdrags-  
og energidirektorat  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

ETNE, 1. Mars 2009

Dykkar ref.: NVE 200704420-5 kti/ebth

## Fråsegn til "Håfoss kraftverk AS - Søknad om bygging av Håfoss kraftverk i Etneelva, Etne kommune, Hordaland – høyring"

Etneelva er eit verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag, og ein bør difor vera varsam med naturinngrep. Lakse- og aurestamma i vassdraget er sårbar og blir prøvt forvalta i samsvar med dette. Etnevassdraget er også viktig i nasjonal samanheng og er det viktigaste i Hordaland.

Etne Jeger- og fiskerforening er i utgangspunktet ikkje motstandar av omsøkte tiltak så lenge konsesjonskrav tar tilstrekkeleg omsyn til lakse- og aureinteressene i vassdraget. Det må stillast krav i eventuelle konsesjonsvilkår kva for avbøtande tiltak som tiltakshavar må tilfredsstille for å redusere - og aller helst eliminere - ulempene kraftverket vil skape.

Etter å ha gjennomgått søknaden og rapporten frå Rådgivande biologar har vi fleire merknader og spørsmål:


- Kva har det seg at tiltakshavar ikkje har tatt kontakt med Fagrådet, Etne elveeigarlag, EJFF og andre som blir påverka av prosjektet?
- Kvifor har ikkje tiltakshavar kome med forslag om avbøtande tiltak? Det er mange tiltak som kan vera aktuelle, slik som:
  - o Etablere laksetrapp og montere teljeapparat og/eller undervasskamera
  - o Bidra med straum og vatn til klekkeriet
  - o Montere tavle ved fossen som til ein kvar tid syner vassmengd
  - o Årleg økonomisk bidrag til kultiveringsarbeid i vassdraget
- Ein av utbyggarane er brukt som bevis for kor lita vassføring laksen treng for å gå opp fossen. Det er etter vår meining lite tillitsvekkande.
- Vi er nervøse for at forslag til minstevassføring er sett for lågt. Vi meiner det må grundigare undersøkingar til for å fastslå forsvarleg nivå for minstevassføring.
- Vi er uroa over at det kan bli vanskeleg for laksen å kome opp fossen på låg vasstand når terskelen blir heva. Grundigare vurderingar/undersøkingar må til.
- Det må vurderast om det skal vera særskilte krav til drifta i tida støying og smolt slepp seg ned elva.

Alle desse merknader og spørsmål viser at det står att mykje arbeid før vi kan ta endeleg stilling til prosjektet.

Vi ynskjer synfaring med NVE til sommaren og det må utarbeidast detaljplanar.

Evaluering av prosjekt etter eventuell utbygging må også vera med i eventuelle konsesjonsvilkår.

Med helsing  
for Etne Jeger- og Fiskerforening

  
Jan A. Vinje  
Leiar